

Ladepunkt for buss på Hatlestrand.

Merknader frå Hatlestrand Bygdelag knytt til referat frå drøftingsmøte 9.12.24.

Hatlestrand Bygdelag skulle gjerne vore representert på drøftingsmøtet, men vart ikkje gjort kjend med det før i etterkant. Men ser heldigvis at kommunen har informert om arbeidet laget har teke initiativ til, etter tilråding frå kommunen, om å få laga eit forprosjekt/moglegheitsstudie for heile sentrumsområdet på Hatlestrand. Med den kommunale delfinansieringa ein fekk på plass no 22.1. er prosjektet fullfinansiert, og Multiconsult vil byrja arbeidet i.l.a. februar. Det er i tilbodet deira antyda 2-3 mnd varigheit.

Hatlestrand Bygdelag er positive til at det vert etablert elbuss-ladarar i bygda, men ser at ei avgjerd om plassering og utforming før eller i tidleg fase av arbeidet med moglegheitsstudien er uheldig. Særleg sidan skissert plassering av ladeanlegget er svært utfordrande for Bygdelaget. Det som utløyste behovet for ei moglegheitsstudien, og som vert hovudfokuset i arbeidet, er nemleg å få til ei utvikling av sjøsida av fylkesvegen frå bensinstasjon/butikk og ned til ferjekaien. Bygda treng her areal til bustadar og næring, parkeringsareal til personbilar knytt til aktiviteten på skule, idrettshallar, nærmiljøanlegg, turløype og småbåthamn, og sist men ikkje minst trafikk sikre løysingar i skjæringspunktet mellom ein ferjekai, ein skule og eit framtidig bustad/næringsområde. Og ein av dei viktigaste innfallsportane til Kvinnherad treng ei ansiktsløfting.

Hatlestrand Bygdelag stiller seg vidare undrande til at eksisterande oppstillingsplass for tre bussar ved ferjekaien, ikkje kan vidareførast og utstyrt med ladestasjonar. Lomma kan lett utvidast i lengda med ca 10 m, slik at bussane kan koma inn og ut frå ladeplassane utan rygging. Fortauet forbi bussane er nær 3 m breidt, og har plass til ladestasjonar utan at det hindrar gåande eller rullestolbrukarar. Det er kort avstand til el-kraft. Løysinga utløyer neppe trong for dispensasjonssøknad. Einaste utfordringa bygdelaget kan sjå er at løysinga gjer snørydding/brøyting av fortau vanskeleg. Dette kan løysast med takoverbygg over fortauet med ladestasjonar, like langt som busslomma. Sjå vedlagde skisse.

For å få drøfte forslaget me legg fram, forslaget møtet har fokusert på, og ikkje minst tidsperspektivet Tide AS har for prosjektet, vil Hatlestrand Bygdelag be om eit snarleg møte med Tide AS i første omgang.

Hatlestrand 26.1.25

Styret i Hatlestrand Bygdelag

Ideskisse:

